

Referat SU – Skolemiljøutval

Måndag 22. november 2021 Kl 18:00

Til stades: Tomine Marie Melkevik Pedersen, Mikkel Mikkelsen, Kristine Tjøsvoll, Olaug Stava Farbu, Ingrid Sofie Rundhaug, Bente M Sund, Per Arnvid Solnørdal, Torbjørn Kjellesvik-Kristiansen og Gro Anta Arnesen

Forfall:

10/21 Godkjenne innkalling

Innkalling blei sendt pr mail. Elevrepresentantane får papirinnkalling. Det er ok for medlemmene.

11/21 Konstituering

Leiar: Torbjørn Kjellesvik-Kristiansen

Nestleiar: Kristine Tjøsvoll (andre tilsette)

Sekretær: Gro Anita Arnesen, rektor

Styremedlem: Ingrid Sofie Rundhaug (fau), Bente M Sund (pedagog)
Per Arnvid Solnørdal (elevråd) Mikkel Våge
Mikkelsen(elevråd), Tomine Marie Melkevik Pedersen
(elevråd) og Olaug Stava Farbu (Karmøy kommune)

Vara: Gro Ellen Mikkelsen (pedagog) Signe Solnørdal
(andre tilsette)

12/21 Su og Smu

Skulen har hatt eitt utval. Opplæringslova §11-1 og §11-1a seier at utvala kan gjerast om til eitt, men då må elevar og foreldre vere i fleirtal.

Utvalet består av 3 tilsette, 2 elevar, 2 foreldre og to kommunale (politikar og rektor). Rektor har ikkje stemmerett.

Vedtak: Kjem det til ei avstemming under Klasse/skole-miljø-punktet på møtet, mistar skolerepresentantane ein stemme. Då blir elevar og foreldre i fleirtal i slike saker.

13/21 Elevrepresentantane har ordet

Elevrådet består av elevar frå 3.-7. klasse. Elevane blir valt av klassen sin og dei skal vere klassen sin stemme i elevrådet. Det er 2 hovudmedlem og 2 vara frå kvar klasse.

Elevrådet er med og bestemmer over friminutta. Me vil at det skal vere eit godt miljø og at alle elevane skal trivast og ha det kjekt på skolen.

Me planlegg og arrangerer ulike turneringar, akkurat nå har me ei lynballturnering for alle klassane, småskolen og mellomtrinnet kvar for seg. Seinare skal me ha hjørnefotball, sjakk, quiz og turnering i ballbingen.

Me diskutere ulike forslag som kjem frå klassane. Av og til kan me bestemma, andre gonger må me høyre med rektor om det er lov.



I tillegg har me TL'ar i storfri på tysdagar og torsdagar. Det er elevar frå 5.-7. klasse som har dei ulike leikane for klassane.

14/21 Inkluderande skolemiljø

På heimesida vår ligg ulike dokument for Inkluderande skolemiljø. Sida har fått namn etter vår plan for eit trygt og godt skolemiljø som heiter nettopp Inkluderande skolemiljø. Denne planen skal alle som jobbar på Stokkastrand «kunne»; det er den som skal prege skoledagane. I tillegg har personalet ei rutine for korleis ein skal jobbe med førebygging.

Denne skulle vore revidert i år, men sidan me skal slå saman med Eide skole har me ikkje gjort dette arbeidet.

Me skal ha elevundersøkelsen før jul for 5.-7 trinn, dette er ein anonym undersøking som går på læringsmiljøet på skolen.

Fellessamling er viktig for skolen, det skapat eit godt skolemiljø og fellesskap. I år har me heldigvis fått lov til å ha dei i gymsalen. Her er det klassar som opptre og me delar ut «Class of the week» pokal til 1.-4. klasse og 5.-7 klasse. Me syng for alle som har hatt bursdag sidan sist.

15/21 Informasjon frå FAU

Det blei arrangert Halloween 31. oktober med stor suksess. I år hadde me to festar, ein for 1.-4 klasse og ein for 5.-7. klasse. Me hadde pause mellom disse to gruppene. Då me delte den i to fekk elevane god plass og det var tryggare for dei minste. Fau fekk gode tilbakemeldingar frå føresette. For å gjere denne dagen ennå meir inkluderande kan det lagas til eit «utleigerom» der du kan låne deg klede eller bli sminka til festen.

Det har vore eit møte med nokre frå Eide skole og Stokkastrand skole sine fau der ein har snakka om kva ein vil ta vidare med oss frå vår skole. Det som skal bli med vidare på Stangeland skole er Halloween, gjenbruksdag og ein avslutningstur for 7. klasse. Eide skole ønskjer å ha med seg ein «aksjonskveld» og grøttest før jul.

16/21 Informasjon frå skolen

Denne hausten har me hatt fokus på tverrfaglege periodar. Me starta året med «Demokrati og medborgarskap» der me jobba med stortingsvalet. Det siste tema var innan «Folkehelse og livsmestring» I desse periodane jobbar elevane med det same emnet i fleire fag.

Til våren skal me ha eit tverrfagleg tema som går på «Vatn – energi – miljø». Både Eide og Stokkastrand skal ha dette som tema. Me har eit mål om at klassane kan kome til Stangeland skole for å sjå korleis «vatn – energi – miljø» kjem til syne i uteområdet.



Pedagogane har i tillegg fokus på klasseleiing og me skal jobbe med vurdering etter jul.

17/21 Stangaland skole

Stangaland skole er i rute, rektor Tore Emberland blei tilsett 1. august og skolen søker etter tre avdelingsleiarar. Desse skal tilsettas før jul. Tore satsar på at alle elevane med føresette skal få komme på besøk på skolen før sommarferien.

Våre 4.-6. klasse elevar skal ha nynorsk på Stangaland skole. 1.-3. klasse begynne på ein bokmålsskole, men dersom det er 10 eller fleire elevar som ønskjer nynorsk kan dei søke om det kan opprettas ein nynorsk klasse.

Det er oppretta ein FAU-komité med medlemmar frå Eide og Stokkastrand skole. Dei har allereie hatt ein møte.

Pedagogane har hatt to planleggingsdagar saman med Eide skole og miljøarbeidarane har hatt tre planleggingsdagar saman.

18/21 Eventuelt

Stokkastrand skole 22.11.2021

Referent Gro Anita Arnesen, rektor

